

## Referat frå Utdanningsutval, FHS

Dato: 25.5.21 ZOOM møte kl 09:00-11:00

**Tilstades:** Toril Forbod, Anne-Grethe Naustdal, Eli Bjøvad Eikefjord, Johannes Haltbakk, Unni Margrethe Uren Aasen, Cecilie Thaulé Løvlid, Kristin Senneset, Fredrik Sørensen (studentrepresentant) og Hilde Kristin Tveit.

Gry Sjøholt deltok på sak 13 og 14.

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
<b>Referat:</b> Innkalling og referat blei godkjent utan kommentarar.				
10/21 Revisjon av MAMET	Vedlegg i Teams	Fellesemnet for alle masterutdanningane ved FHS; <a href="#">MAMET</a> er revidert og arbeidsgruppa har levert forslag til ny emneplan og gjort greie for dei viktigaste endringane. FOU utvalet har allereie hatt si innspelsrunde og kommentarane ligg i mappa i Teams.  Vi ber Utdanningsutvalet om å gje innspel og kommentarar til dei endringane som føreligg.	Prodekan orienterar og opnar opp for innspel og diskusjon	30 min
<b>Referat:</b> Ei arbeidsgruppe har revidert emneplanen i tråd med mandatet.				

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Læringsutbytte har vore lite justert. FOU utvalet hadde saka oppe til behandling 10. mai. Dei støtta framlegga til endring. Innspel frå FOU utvalet var at det bør inn meir internasjonal litteratur.

#### Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- MAMET har stor betydning for korleis masterstudiane kan gjennomførast og utvalet oppfattar emnerevisjonen i hovudsak som god. Fleirtalet i utdanningsutvalet synest at emnet som no ligg føre godt sikrar ulike typar metodekunnskap. Det var delte meininger om felles sluttvurdering i eit fellesemne som MAMET, knytt til at det hindrar tilpassing til enkelte studia. Å ta utgangspunkt i artiklar i dei obligatoriske læringsaktivitetane er ei god endring.
- Utfordringa som kom fram i møtet er knytt til gjennomføringa av MAMET i ABIO-utdanningane som tilhøyrrer Master i Klinisk sjukepleie. Her vart det trekt fram at det er vanskeleg å sjå at det er praktisk muleg å gjennomføre Master i Klinisk sjukepleie for ABIO-spesialitetane dersom MAMET ikkje kan ha prosjektplan som tekstsjanger for eksamen. At prosjektplan ikkje skulle vere ein del av MAMET var ein del av mandatet, så arbeidsgruppa har her følgd opp føringane som låg til arbeidet.

Haltbakk som er fagseksjonsleiar med ansvar for masterstudia i klinisk sjukepleie, viste her til at departementet krev at det ABIO-utdanningane skal gje spesialistgodkjenning etter 90 sp. Departementet regulerer dei 90 sp knytt til spesialistgodkjenninga er svært detaljert, med 45 sp praksisstudiar, 15 sp vitenskapsteori/metode og 30 sp knytt til litteraturgrunnlaget for spesialiteten. Ein konsekvens av mandatet for arbeidsgruppa som har revidert MAMET, er at når prosjektplan ikkje kan gjennomførast innan dei 15 studiepoenga vitenskapsteori/metode i ABIO-utdanningane, må prosjektplan gjennomførast mellom 1. januar til 15. mai saman med gjennomføring av masteroppgåva. Prosjektplanane treng å leggjast fram for REK, datatilsyn og til samarbeidande partar for søknad om datainnsamling. Sakshandsaming tek fleire månader i beste fall, før arbeidet med masteroppgåva kan ta til. Jordmorstudiet er i ein gunstigare situasjon fordi heile studiet på 120 sp må gjennomførast før spesialistgodkjenning. – dermed kan studieprogrammet i jordmorfag starte prosjektplanarbeidet og masteroppgåve arbeidet tidleg i studiet.

Utdanningsutvalet ber om at innspela må følgjast opp og at fakultetet ser nærmare på ABIO utdanningane og korleis 90 sp vs. 120 sp kan løysast.

<b>11/21 Livslang læring – Fleksibilitet i utdanning</b>	Vedlegg i Teams	Fakultetet har jobba med å få studieprogramma meir fleksible. Oversikt over studieprogram, tilbud på tvers av campus mm. ligg i mappa i Teams.	Prodekan innleiar og opnar opp for innspel og diskusjon	30 min
--	-----------------	--	---	--------

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

		<p>Utdanningsutvalet bes om å gje råd i dette arbeidet samt innspel til vidare utvikling. Er vi på rett veg?</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Er det andre vidareutdanningar, bachelor- og masterutdanningar som kan vere aktuelt å tilby på fleire campus?</li> <li>2. Bør fleire av vidare- og masterutdanningane opnast slik at det er mogleg å søkje opptak til enkelte emne?</li> <li>3. Kor bør grensa liggje for å få innpassa emne/vidareutdanningar i ein masterutdanning?</li> <li>4. Er det andre moment som fakultetet bør følge opp?</li> </ol>		
<p><b>Referat:</b></p> <p>To dokument er utarbeida og lagt inn i saka. Ei periodisk evaluering av samla studieportefølje ved HVL skal behandlast av styret 10. juni. Denne evalueringa skal gje styret eit grunnlag for å utvikle langsiktige føringar og rammer for vidare strategisk utvikling av den samla studieporteføljen. I arbeidet med periodisk evaluering har det vore særleg fokus på å skaffe kunnskapsgrunnlag om tilhøve knytt til gjennomgåande utdanningsløp</p> <p>FHS har gått gjennom studieportefølja og har analysert i tråd med spørsmåla. Livslang læring og gjennomgåande utdanningsløp for alle bachelorutdanningane er sentralt i dette arbeidet. Etter fusjonen har FHS både samordna, utvikla og etablert nye studieprogram. Forutan å ha fokus på fleksibilitet (heiltid og deltid/samlingsbasert) ved etablering av nye program, har vi også gjort endringar i eksisterande studieportefølje for å kunne tilby utdanningar til fleire målgrupper, og til å utvide eksisterande studietilbod til nye campus.</p> <p>Vi har no gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor til ph.d. Vi kan tilby våre bachelorkandidatar tilbod om å gå vidare på eit eller fleire relevante masterstudium, alle kan ta master ved det campus dei tok sin bachelor, og alle masterkandidatar kan fortsette anten ph.d. i Helse funksjon og deltaking eller ph.d. i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling, gitt at prosjektet er tilpassa programmet sin profil.</p> <p>Noko av det vi må sjå nærmare på er utviklinga av fleire desentraliserte og fleksible utdanningsløp. UU gjev ros til arbeidet og støttar retninga arbeidet har.</p> <p><b>Nokre direkte kommentarar frå Utdanningsutvalet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det har vore stor søknad til deltid vernepleie i Sogndal og Haugesund. Viktig å ha god dialog med opptak. Det er stor pågang til fleksible studieløp og desentraliserte utdanningar. Fagmiljøet ved vernepleie har fått mange meldingar om dette frå samarbeidspartar i vår region, men også frå Hallingdal.</li> </ul>				

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

- Det er lurt å utvikle og kople heiltids- og deltidsutdanningar saman. Då vert studiane forankra på ei god måte og ein kan samordne deler av undervisninga.
- Det har vore diskutert å starte opp barnevernutdanning – desentralisert på Stord. Her vert det frå fagmiljøet heller ynskje om å utvikle desentralisert deltidsutdanning knytt til fagmiljøet ein alt har på campus Sogndal. Viktig å styrke det fagmiljøet ein allereie har før ein opnar opp med å etablere eit nytt fagmiljø på ein annan campus.
- Opne emne på ei master kan føre til at studentar blir inspirert og vil fortsette med å ta ei mastergrad til slutt. Det er bra for fleksibiliteten. Å ha alle emne lukka i ein masterprogram, er ikkje lurt.
- Innpass av enkeltemne – her oppfordrar UU til at fakultetet ser på føringar. Kor bør grensa liggje? Studentar skal lære noko nytt når det tar ei mastergrad. For å oppretthalde kvalitet i studieprogrammet, må det vere gode faglege vurderingar for å få eit emne innpassa. Det bør ikkje vere for mange emne som kan innpassast i eit studieprogram. Kor langt tilbake i tid kan ein få eit emne innpassa? Mange studieretningar er små ( 30 sp.) Kor mange sp kan då innpassast?
- Fakultetet har kommen langt i arbeidet med fleksibilitet. I dette arbeidet er det viktig å bevare kvaliteten til fagmiljøa og kor grensa går for kva som kan innpassast.
- Korleis gjer vi det med å auke studieplassar på dei desentraliserte studiane? FHS fekk tildelt fleire studieplassar pga pandemien. Desse er brukt til dei desentraliserte studiane. Får vi ikkje vidareført desse studieplassane, må vi sjå korleis vi kan løyse ei vidareføring av tilboda.
- Kan ein dele eit masterprogram ved å innpassa 60 sp ( frå fleire vidareutdanningane) og tilby 60 nye studiepoeng inkl. masteroppgåva?
- NTNU: Høgskulen/FHS må vere streng for innpass. Kvaliteten i studieprogrammet og det faglege må ivaretakast. Det kan ikkje vere tilfeldig korleis vi vurderer innpass. Det bør vere likt korleis ein følger opp dette. Ein felles og tydeleg måte å gjere dette på. FHS bør sjå på rutine og vurdere å utarbeide retningslinje for innpass.
- Vi må sikre at studentane har god nok metodekunnskap.
- Helsepersonell kan ta emne parallelt med eit masterprogram. Då kan dei samle emne på sikt. Det er ei god måte å ha opne emne på masterprogram.
- Mange studentar har 60 sp. – det er bra for dei til å ta ein mastergrad. Då har dei moglegheit for å få ei grad som kan gje meir lønn.
- Valfrie emne i ein master gir større fleksibilitet. Der det er lagt til rette for valemne, er det større opening for innpass.
- Eigne masterprogram med berre obligatoriske emne er lite tilpassa fleksibilitet og livslang læring.
- Å leggje til rette for mykje innpass – krev eit generell masterprogram. Ny master i sosialvitenskap skal kunne innpassa 30 sp. Dei overordna læringsutbytta i masterprogrammet skal ivareta dette.
- I Master i KPB er det klart kor mykje som kan innpassast i dei to studieretningane? Det metodiske er knytt til KBP.
- Praksis er viktig å sjå på for desentraliserte bachelorutdanningar . Om studentar ynskjer praksis heimstaden utanfor vår region er det ikkje sikkert at vi kan klare å skaffe praksisplassane. Er alltid i dialog med andre utdanningsinstitusjonar her.

**Fakultet for helse- og sosialvitskap**

<b>Utdanningsutvalet ber om at kommentarane vurderast for vidare oppfølging i fakultetet.</b>				
<b>12/21 Ny eining for livslang læring</b>	Munnleg orientering	HVL jobbar med ei omorganisering av Livslang læring. Saka skal behandlast av Sentral leiargruppe.	Prodekan orienterer.	5 min
<p><b>Referat:</b>          Prosjekt Livslang læring i HVL har vore knytt til kva ambisjonar HVL har for å realisere regjeringa si satsing på kompetanse og det å lære heile livet. Overordna målsetjing har vore å svare ut; Kva ambisjonar har HVL med livslang læring, og korleis skal vi nå desse måla?          Ei gruppe har jobba i lang tid med rapporten. Rapporten har gått ut til behandling i organisasjonane. Ei avgjerd vert gjort av styret 10. juni.          Ein har sortert kor ansvaret skal liggje (hos dei to nye prorektorane) Det er og sett på forventningane til dei organisatoriske endringane i høgskulen. Livslang læring er fakultetet sitt ansvar. Det er forslag om å opprette ei ny avdeling som skal liggje til prorektor for regional utvikling. Samfunnskontaktane skal vere i denne eininga. Fakultetet sine medarbeidarar knytt til livslang læring, skal inngå i team . Dette vil tydeleggjere livslang læring og setje fokus på dette. Det er også tydeleggjort at høgskulen må styrke og støtte opp fakulteta i dette arbeidet.</p> <p><b>Utdanningsutvalet tar saka til orientering.</b></p>				
<b>13/21 Oppfølging av Kvalitetsseminar 21. april</b>	Vedlegg i Teams	Ca kl. 10.30 – Gro Sjøholt blir med i møtet Sjå sak om Kvalitetsseminaret 21. april Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel på kva område og korleis fakultetet kan jobba vidare med å følge opp kvalitetsseminaret.	Prodekan og Gry Sjøholt innleiar.	15 min
<p><b>Referat:</b>          Gry innleia saka og informerte om at arbeidet med oppfølginga også inkluderer ei spørjeundersøking om kva for undervisningsformer lærarane bruker og om dei meistrar desse.</p> <p>Mange av dei tilsette har mykje kompetanse og har komen langt. Dei er i god utvikling.          Dei vil ta kontakt med dei ulike studieprogramma og undersøkje om dei vil ta i bruk kollegarettleing og smart konseptet .</p> <p>Oppfølginga går på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Måten vi jobbar med undervisning på</li> <li>• Måten å støtte undervisningspersonalet på i dette arbeidet</li> </ul>				

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Fokus er også på kva vi kan bruke digitale verktøy til?

Eksemplar på det er:

- Digital rettleiing av bacheloroppgåva
- Korleis lage og bruke Canvasmal til å lage gode struktur på undervisning

#### Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- Ny studiemodell er blitt tatt i bruk på vernepleie. Dei fortsett med å rettleie digitalt. Dei har i lengre tid også brukt kollegarettleiing og bruker det i ulike situasjonar.
- Digital rettleiing av bacheloroppgåva er nyttig. Delt skjerm er nyttig og betre enn tidlegare erfaringar. Bør FHS skrive ei sak om dette på Vestibyen?
- Nær dialog med studentane – korleis få til ei god kvalitet på dialog mellom student og faglærer digitalt? Kan ALU hjelpe utdanningane med dette?
- Kva er en god struktur i Canvas? Kan gode malar delast slik at fleire kan ta dei i bruk?
- Digital undervisning på første studieår er også viktig å få til – dele erfaringar med kvarandre. Korleis sikre fysisk samhandling med studentar for å skape gode relasjonar?
- Digital undervisning på første året bør ikkje berre handle om zoom undervisning – det er viktig å møtast.
- Digitale verktøy kan betre leggje til rette for samtalar med studentane. Korte læringsnuttar utarbeidast av mange lærarar og heller være i dialog med studentane (flipped classroom) Studentane liker betre dette.
- Tilsette etterlyser kva for læringsverktøy er hensiktsmessig i dei ulike situasjonane. Det finnes så mykje, men kunnskap og vurdering av når ein bør bruke dei ulike verktøyane etterlysast.

**Utdanningsutvalet ber om at kommentarane vurderast og nyttast det det vidare oppfølgingsarbeidet.**

<b>14/21 SFU - Senter for framifrå utdanning</b>	Munnleg orientering	HVL jobbar med søknad om å opprette senter for framifrå utdanning. Utdanningsutvalet oppmodast til å gi innspel til søknaden.	Gry Sjøholt orienterer om arbeidet.	10 min
--	---------------------	---	-------------------------------------	--------

#### Referat:

Gry Sjøholt og Vigdis Meidell jobbar med ei søknad frå FHS om eit **Senter for framifrå utdanning** og orienterar om status for dette arbeidet.

**Læring i praksis** er arbeidstittel på arbeidet. Korleis skape eit slikt senter? FHS og bioingeniørutdanninga er med på søknaden. SFU er ei nasjonal ordning som er oppretta og er ei prestisjeordning for å auke kvaliteten i høgare utdanning.

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Senteret skal vise til glimrande kvalitet i praksisstudiane og sikre eit godt læringsmiljø for studentar, undervisar og tilsette i helse- og sosialsektoren på Vestlandet. Utfordringa er å vise korleis FHS allereie har eit utmerka kunnskapsmiljø og korleis vi kan bruke dette som eit senter for struktur, læringsarena og møteplass.

Gry og Vigdis har hatt to Workshops som har handla om kommunikasjon og kva eit senter skal innehalde og er for tida i dialog med fagmiljøa for å få innspel på korleis få dette til. Søknaden skal behandlast av strategisk leiargruppe. Dei skal vurdere om det er grunnlag for at fakultetet kan halde fram med ei søknad til Diku.

#### Kommentarar frå utdanningsutvalet:

- Er namnet godt? Kan andre utanfor helsevesenet leggje noko anna i Læring i praksis? Bør sjå nærmare på namnet.
- Det må også vere ei god tittel på engelsk.
- Kva tenkjer FHS om SimArena – inngår dette i søknaden? JA
- God undervisning, ferdigheitstrening og simulering vi gje studentane eit mykje betre utgangspunkt for å starte i praksis.
- Praksislæring er eit moteord for tida – namnet for senteret bør vere godt og berande fram i tid også.

**Utdanningsutvalet støttar opp om det gode arbeidet som er gjort med søknaden og håper at FHS får halde fram med å utvikle søknaden vidare til hausten.**

15/21 Orienteringar	Munnleg orientering	Utdanningsutvalet orienterast om følgjande saker: <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Oppfølging - fleispråklege studentar</a></li> <li>• Ordning med studentassistentar frå hausten</li> <li>• Investeringar av utstyr til undervisning</li> <li>• Forslag til møte i UU neste semester, kl. 9.00 – 11.00;             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ 20. eller 27. september</li> <li>○ 22. eller 29. november</li> </ul> </li> </ul>	Prodekan orienterer	15 min
---------------------	---------------------	--	---------------------	--------

#### Referat:

- Oppfølging av fleispråklege studentar – har fått Corona pengar. Fakultetet har identifisert denne gruppa som meir utsett. Haugesund har tidlegare ei tilbod som no er no mogeleg å ta for alle sjukepleiarstudentar. Lokale kurshaldar lærast opp. Sjukepleie på engelsk – kan dette utviklast?
- Fakultetet har ute ei utlysing av ei heil prosjektstilling for å styrke å koordinere arbeidet med fleispråklege studentar og studentassistentar.

### Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Orientering om investeringar – FHS har god økonomi og 9 millionar er sett av til investering. Utstyr til SimArena skal kjøpast inn, Software utstyr, dukke, VR teknologi – briller kjøpast inn til alle campus (klassesett). Midlar er også sett av til å utvikle ei opplæringspakke til undervisning med VR briller. Det er også kjøpt inn fotoutstyr FHS studio.
- Forslag til møte neste semester:
  - 20. eller 27. september
  - 22. eller 29. november
 Det er kom ingen kommentarar til desse datoane i møtet.
- Evaluering av RETHOS (barnevern, ergoterapi og sosialt arbeid) leverer si selvevaluering 28. mai til NOKUT.
- Er det noko som bør endrast til neste periode?
  - Det har vore godt å jobbe saman med prodekan Anne-Grethe Naustdal. Ho har hatt ei god hand over sakene i UU og har ei god oversikt, har sett gode ting på saklista, hatt ei framifrå god leiing og vore god å ha som leiar av Utdanningsutvalet.
  - UU takker prodekan godt samarbeid og ynskjer lykke til med stillinga som prorektor ved HVL.

#### Utdanningsutvalet tar sakene til orientering og takkar prodekan for ein god periode som leiar av utvalet.

Utvalet vil jobbe vidare med å informere saker frå Utdanningsutvalet vidare ut i organisasjonen.

16/21 Eventuelt		Dette er siste møte i Utdanningsutvalet, FHS med Anne-Grethe som prodekan.		5 min
-----------------	--	--	--	-------

#### Referat:

Samansetninga av Utdanningsutvalet bør følge tilsettinga og åremåla til fagseksjonsleiarane. Utdanningsutvalet fortsett ut 2021 før det settast ned eit nytt utval.

Det blir ei delt leiing av utvala frå 1. januar. Prodekan for samhandling og internasjonalisering skal delta i UU og FOU utvalet.

Det må då bli ei endring i mandatet frå 2022. Ny prodekan for utdanning kan då leggje fram sine føringar i mandatet for UU